

Miljøfyrtårn i Sauherad

Sauherad kommune har nyleg presentert Holte Industri AS som nytt Miljøfyrtårn i kommunen. Holte industri viser med dette at ein er ei offensiv, framdriftsretta føregangsbedrift som legg opp til klima- og miljøvenleg drift. Sauherad kommune seier at dette vil gje bedrifta eit konkurransefortrinn i forhold til rasjonell drift, omdømme og

betre posisjon til å vinne anbud. Holte Industri AS er den sjuande bedriften i Sauherad kommune som er sertifisert som Miljøfyrtårn. Andre Miljøfyrtårn i Sauherad kommune er Norsjø Arkitekter, Byggmakker Storakaas, Moen Design, Haugland bygg, Kartfestivalen og Sunde renovasjon- og gjenvinning (SRG).

Slo med flaske

Ein mann i 40-åra slo ein 28 åring i hovudet med ei flaske laurdag. Det skjedde på toalettet på Bull In. Det melder politiet på Twitter på nett.

Bil av vegen

Ein bil køyrde av vegen mellom Bø og Gvarv laurdag. Politiet opplyser på Twitter at årsaka er ukjend. Det var ingen alvorlege personskarar. Førarkortet til føraren vart beslaglagt.



KOMMUNEREFORMA

Held på minstemålet

Vidaregåande skule kan vere ei oppgåve for kommunar med over 100.000 innbyggjarar, meiner ekspertutvalet for kommunereforma.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Ekspertutvalet for kommunereforma har levert sin siste rapport. Den handlar om oppgåvene som kommunane kanskje skal få ansvar for i samband med kommunereforma. Rådet frå utvalet er framleis at kommunane bør ha 15.000-20.000 innbyggjarar.

Ekspertutvalet sa det same då det la fram sin første rapport i mai. Kommunalminister Jan Tore Sanner tona ned kravet og gjekk mot å fastsetje eit minimumstal då rapporten vart lagt fram. Han sa at regjeringa vil ta omsyn til den mangfaldige geografien i landet.

Utvalet peikar i denne rapporten på at uavhengig av størrelse bør kommunar utgjere funksjonelle samfunnsutviklingsområde. Det er eit særleg behovet for å slå saman kommunar der det er fleirkommunale byområde.

Psykiatri og rus

I denne rapporten skriv utvalet at det er forhold som gjer at kommunane ikkje bør ha ansvar for oppgåver i det psykiske helsevern, sjølv ikkje storkommunar. Men fordelane vil likevel vere store om dei kan det, derfor bør

det setjast i gang utprøving av modellar.

Utvalet meiner at det vil vere store fordelar knytt til å overføre tverrfagleg spesialisert rusbehandling til kommunane. Men det meiner også at rus og psykiatri bør behandlast likt, blant anna sidan mange pasientar har dobbel diagnose. Derfor bør ikkje desse to overførast. Men som for psykiatri bør ein kunne prøve ut modellar for overføring.

Rehabilitering og barnevern

Utvalet meiner at kommunar med meir enn 15.000-20.000 innbyggjarar kan overta alt ansvar for habilitering og rehabilitering. Det same gjeld ansvaret for hjelpemidlar til varige behov.

– Kommunar med minstepørrelse på 15.000-20.000 innbyggjarar kan byggje opp relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å ta over ansvaret for heile barnevernet, skriv utvalet. Det meiner også at kommunar som er så store kan overta ansvaret som staten i dag har med å kjøpe plassar hjå private.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltak konkluderer ikkje utvalet. Det meiner at omsynet til blant anna den samla arbeidsmarknadspolitikken talar mot ei slik løysing. Å skilje ut enkelttiltak kan føre til nye gråsoner, derfor er dette eit felt som bør utgreiast meir.

Fylkesoppgåver

Utvalet meiner at vidaregåande skular kan overførast til kom-

munar med over 100.000 innbyggjarar, som utgjer det utvalet kallar funksjonelle samfunnsutviklingsområde. Men det vil i så fall føre til oppgåvedifferensiering mellom kommunar.

Det same seier utvalet om kollektivtrafikken. Kommunar som er så store at dei har tilstrekkeleg innbyggjargrunnlag og utgjer funksjonelle samfunnsutviklingsområde kan overta fylkeskommunens ansvar for kollektivtransport.

Ikkje fylkesvegvar

Når det gjeld fylkesvegane meiner utvalet at den regionale funksjonen og trongen for eit regionalt perspektiv gjer at samferdslespørsmål og infrastruktur for størstedelen av fylkesvegnettet bør ligge på eit regionalt nivå. Det vil ikkje vere teneleg å dele vegnettet på regionalt nivå opp i fleire einingar. Utvalet meiner elles at fylkeskommunale vegar av lokal karakter kan omklassifiserast og leggest til storkommunar.

Næringsutvikling delt

Kommunar med 15.000-20.000 innbyggjarar kan ta meir ansvar for næringsutvikling, meiner utvalet. Det gjeld ulike former for tilrettelegging for lokalt næringsliv. Men utvalet meiner at ein ikkje kan vente at kommunar på denne størrelsen har nok kompetanse til å fatte vedtak i saker som gjeld finansiering av næringsverksemd retta mot nasjonal eller internasjonal

marknad eller som inngår i nasjonale program.

Det kan også vere andre oppgåver som dei løyser mindre effektivt som rådgjeving til nye innovasjonsbaserte næringer.

Fylkeskommunen eller eit regionalt nivå vil måtte ha igjen midlar til regional utvikling.

Styrker lokaldemokratiet

Utvalet meiner at kommunar med 15.000-20.000 innbyggjarar vil ha auka kompetanse og vere meir likeverdig med staten. Det vil gi styrka tillit til lokale folkevalde sine prioriteringar og styrkje lokaldemokratiet.

Utvalet tek ikkje stilling til om ein bør halde fram med generalistkommunar, alle gjer alt, eller ikkje. Grunnen er blant anna at det ikkje er teke stilling til kva det regionale nivået blir.

Stortingsmelding til våren

Sanner seier at regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding våren 2015. Den vil handle om kva for oppgåver som kan bli overført til større og meir robuste kommunar. Då vil også eit regionalt folkevald nivå vere tema.



Firar på krava. Kommunalminister Jan Tore Sanner går mot kravet om eit minimumstal på innbyggjarar.

Foto: Høyre, gjengitt med tillatelse

**Opningstider
jula 2014**


Bø blad held stengt f.o.m. måndag 22. desember 2014 t.o.m. torsdag 1. januar 2015.

Siste avis før jul kjem ut onsdag 24. desember 2014 Første avis i 2015 kjem ut torsdag 8. januar.

Annonsefristar:

• Avis onsdag 24. desember 2014:
fredag 19. desember klokka 12.00

• Avis torsdag 8. januar 2015:
måndag 5. januar klokka 14.00

telefon 35 95 19 45 
e-post: marked@boblad.no